



Generalprøve før droneopptaket i dag kl. 13.00.

I dag kl. 13.00 dansar og syng elevane på Uskedal skule for venskap og inkludering. Eit opptak med drone vert sendt til NRK Super og Uskedalen er dermed med i sjølve sendinga som går frå torsdag kl. 12.00 og utover ettermiddagen. Det er det 7. året Uskedalen skule er med i BlimE-aksjonen.

Mannen bak BlimE er Victor Solberg med heile 123 000 fylgjarar på eigen You-tube kanal og 169 00 fylgjarar på Flipp Klipp kanalen til NRK. Målet er å arbeida for venskap og hindra at medelevar er einsame og fell utanfor. Det handlar om å bli akseptert av dei rundt seg og godta at ein kan vera annleis.

I år er NRK Super med BlimE - aksjonen ti år. Slagordet i songen er Sei hei og bli ein ven. Med tilsendt musikk og regi har skulen øvd på innspelinga og i morgon, torsdag 12. november, dansar heile Noreg. Sendinga går internasjonalt.



Elevane dansa i store og mindre grupper.

Victor Solberg har tre tips for å vera ein god ven:

- Sjå venen din og fylg med om venen din har det godt
- Aksepter at venen din er annleis enn deg
- Inkluder venen din og andre sine vener.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Nokre elevar var plukka ut til å vera fordansarar og syna regien frå ein godt synleg plass.